



Notat

Dato: 16.01.2018
Arkivsak: 2016/4091-27
Saksbehandlar: eliwarr

Til: Snorre Waage

Frå: Elizabeth Warren

Kulturminnefråsegn - Austrheim kommune kommuneplanen sin arealdel 2016 - 2027 - 2. gongs høyring

Vi viser til pkt. 7 i vedtak i utval for kultur, idrett og regional utvikling av 08.06.2016 sak 87/16.

Austrheim kommune sitt forslag til kommuneplan er i strid med kulturminne av nasjonal interesse. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:

- I. *Føresegner knytt til LNF-område med høve til spreidd bustadbygging og spreidd næring tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne.*
- II. *Føresegner for omsynssone bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene.*
- III. *Riksantikvaren sitt forslag til føresegner for Austrheim mellomalderkyrkjestad må innarbeidast i planføreseigna, og den mellomalderske delen av kyrkjegarden må markerast i plankartet med omsynssone bandlegging etter kulturminnelova (H730).*

Det går fram av planskildringa til 2. gongs høyring at kommunen meiner ein har teke omsyn til motsegnspunkta frå fylkeskommune når det gjeld kulturminneinteressene. Vår vurdering er at dette ikkje er gjennomført i tilstrekkeleg grad. Etter dialog og e-postutveksling med kommunen 12.01 og 16.01 2018 har kommunen gjeve lovnad om å rette plankart og føresegner i tråd med følgjande innspel frå fylkeskommunen i samband med sitt vedtak etter 2. gongs høyring:

For å imøtekomme pkt I i vårt motsegn:

Legg følgjande føresegn til § 3.2 Spreidd byggeområde (bustad, næringsbygg, fritidsbusetnad)
«Alle nye tiltak i LNF-område med spreidd byggeområde skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser og for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9».

For å imøtekomme pkt II i vårt motsegn:

Legg følgjande retningsline til § 4.2.5 Bevaring kulturmiljø (H570)
«Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innafor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske verdiar takast vare på og sikrast varig vern»

For å imøtekomme pkt III i vårt motsegn:

Legg inn bandlagt område (H730) i plankart for mellomaldekyrkjegard på Austrheim (askeladden id 83830-4)
Legg følgjande føresegn til § 4.2.6 Bandlagt kulturminne (H730) mellomaldekyrkjegard id 83830-4

«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»

«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.»

Konsekvensutgreiing (KU) av nytt areal i 2. gongs høyring

Konsekvensutgreiing bør seie noko om potensial for funn av arkeologisk kulturminne i si vurdering av nytt byggeområde. Det er ikkje gjort ein systematisk gjennomgang av alle nye byggeområde, men både planlagt bustadområde B45 og planlagt næringsområde ved Øksnesmarka N18 har stort potensial for funn av arkeologisk kulturminne. I Øksnesmarka er det registrert fleire ruinar og spor etter torvtaking, utmarksbeite og gamle ferdssveger i eit meir eller mindre intakt kystlyngheilandskap. Omtale i konsekvensutgreiinga er misvisande når det står at det er «ingen registrert kulturminne» der. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at begge område bør takast ut av planen. Vi saknar elles ei vurdering av konsekvensane nye byggeområde vil ha for den *Indre farleia - kulturhistoriske landskap av nasjonale interesse*.

Nokre nye byggeområde bør ha plankrav for å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminneinteresse i den vidare prosess. Dette gjeld:

- Bergsvika - tiltak 116 side 30 i KU - NA/SN
- Austrheimsvågen - tiltak 118 side 38 i KU naust og småbåthamn

Kopi til:

Gunnbjørg Austrheim